

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 06.05.2019

Handsaming i møtet

Møteplan hausten 2019:

Fylkesutvalet har i møte 28.03.2019, jf. RS 14/19 til dette møtet, vedteke at hovudutvala berre skal ha eit møte hausten 2019, etter fylkestinget 01. – 02.10.2019. Fellesnemnda har tilsvarande gjort vedtak i møte 13.03.2019 om at alle hovudutvala i Vestland fylkeskommune skal ha eit møte før jul 2019.

Det vart semje om at kontrollutvalet på seinare møte i år skal vurdere om alle møta i møteplanen for resten av 2019 skal haldast ut frå m.a. saksmengde.

Fylkestinget er samla i Nordheimsund 12. – 13.06.2019. Det vart semje om at møtet som er avtalt til 11.06.2019 også vert halde i Nordheimsund på desse alternative tidspunkta i prioritert rekkefølge:

1. 12.06.2019 kl. 08.00 – 11.00, fortrinnsvis på Sandven hotell, der junitinget er
2. 11.06.2019 kl. 10.00, fortrinnsvis på Sandven hotell

Etter dette vart det gjort slikt vedtak.

Vedtak

1. Kontrollutvalet vil på seinare møte vurdere om alle møta i møteplanen for resten av 2019 skal haldast ut frå m.a. saksmengde.
2. Kontrollutvalet ønskjer at møtet som er avtalt til 11.06.2019 vert halde i Nordheimsund på desse alternative tidspunkta i prioritert rekkefølge:
 - 12.06.2019 kl. 08.00 – 11.00, fortrinnsvis på Sandven hotell
 - 11.06.2019 kl. 10.00, fortrinnsvis på Sandven hotell